

2. mars startar innkrevjinga i bomstasjonane på **Karmøy**



Teikne AutoPASS-avtale

Du kan teikne avtale med bompengeselskapet Haugalandspakken AS på www.haugalandspakken.no. AutoPASS-brikke kjem i posten. Avtaleskjema og brikker finn du også på utvalde service-stasjonar (sjå andre sida) på Haugalandet.

Bomstasjonane på Karmøy er dei fire siste av totalt 13 bomstasjonar i Haugalandspakken. Alle bomstasjonane er automatiske. Ein skal altså ikkje stoppe ved passering, men køyre rett gjennom.

Betaling med AutoPASS

Kvar gong du passerer, blir bompengavgifta trekt frå det beløpet du har betalt inn på forskot. Du kan bruke så lang tid du vil på dette beløpet.

Brikka følgjer kjennemerket på bilen og kan ikkje flyttast mellom fleire bilar. Du skal berre ha éi brikke i bilen. Bytte av bil eller adresseendring må meldast til bompengeselskapet på www.haugalandspakken.no.

Ny faktura i posten

Når du har brukt opp rundt 75 % av det førehandsbetalte beløpet, får du ny faktura i posten. Dersom du ikkje betalar innan fristen, blir avtalen din ugyldig og du risikerer tilleggsavgift.

Avtale for privatpersonar

Privatpersonar kan registrere to kjøretøy pr. avtale. Altså: to brikker på éi avtale.

Avtale for firma

Eit firma kan registrere så mange kjøretøy det ønskjer på éi avtale, dersom kjøretøya er registrerte på same gyldige organisasjonsnummer.

Har du AutoPASS-avtale med Haugalandspakken allereie?

Teikna du AutoPASS-avtale med Haugalandspakken AS då bomstasjonane i Haugesund og Tysvær opna i fjor? Denne avtalen, og brikka som følgjer med den, gjeld også i bomstasjonane på Karmøy

Fordelar med AutoPASS

Med AutoPASS-avtale med Haugalandspakken AS

- betalar du for maks 75 passeringar i månaden
- kan du få inntil 50 % rabatt pr. passering
- betalar du berre for éi passering i timen uansett kor mange bomstasjonar du passerer i dette tidsrommet

For meir informasjon, sjå www.haugalandspakken.no eller ring kundeservice på **815 68 018**

Bruk av brikka i andre bompengeanlegg



I utgangspunktet kan du bruke brikka i alle bompengeanlegg som er skilta AutoPASS, men ver merksam på at du berre får rabatt i ditt lokale anlegg. Ønskjer du rabatt andre stader, må du inngå ei tilleggsavtale med det aktuelle bompengeselskapet og betale eige forskot der. På autopass.no finn du ei oversikt over alle bompengeanlegg med AutoPASS.

Har du AutoPASS-brikke fra andre bompengeselskap?

Du kan også bruke den i bompengestasjonane på Haugalandet, dersom du ikkje har reservert deg mot bruk i andre anlegg tidlegare. Men ønskjer du rabatt i bomstasjonane på Haugalandet, må du teikne eiga avtale med Haugalandspakken AS.

Reservere seg mot bruk andre stader

Dersom du berre ønskjer å bruke brikka di på Haugalandet, kan du krysse av for dette i avtaleskjemaet.

Rabatt	 t.o.m. 3500 kg		 f.o.m. 3501 kg	
	Forskotsbeløp	Pr. passering	Forskotsbeløp	Pr. passering
0 %		12,00		24,00
30 %	420,00	8,40	840,00	16,80
40 %	2 520,00	7,20	5 040,00	14,40
50 %	4 200,00	6,00	8 400,00	12,00

Avtale med etterskotsbetaling gir 5 % rabatt uavhengig av takstgruppe og tal på passeringar. Etterskotsavtale føreset bruk av avtalegiro. Depositum for brikka er kr 200,00

Fritak for betaling

- motorsyklar og mopedar
- forflytningshemma med parkeringsløyve
- elektriske køyretøy med drivstoffkode 5 i vognkortet, dersom dei har AutoPASS-brikke
- busser i konsesjonert rute, dersom dei har AutoPASS-brikke
- uniformerte utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag
- hydrogenbilar

Sjå www.haugalandspakken.no eller ring kundeservice **815 68 018** for meir informasjon.

Betaling utan AutoPASS

1) Faktura i posten

Det blir tatt bilete av bilskiltet ved passering av bomstasjonane, og bileigaren får tilsendt faktura i posten.

2) Betale på internett

Du kan betale på www.haugalandspakken.no innan 14 dagar etter passering.

3) Betale kontant/servicestasjon

Det kan du gjere på ein av servicestasjonane innan tre virkedagar etter passeringa. Ein kopi av kvitteringa blir deretter sendt frå betalingsstaden til bompengeselskapet.

Servicestasjonar/betalingsstader:

- Shell Haukås
- Shell Knapphus
- Shell Aksdal
- Statoil Kvala
- Shell Karmsundgata
- Shell Bygnes

Lyssignala i bomstasjonane




Grønt plussteikn betyr gyldig passering



Kvitt plussteikn betyr også gyldig passering, men varslar i tillegg om at forskotsbeløpet snart er brukt opp og at faktura for nytt forskot blir sendt i posten.

Du får ikkje noko lyssignal dersom du passerer utan brikke eller ikkje har betalt faktura.



- Bomstasjonar Haugesund/Tysvær
- Bomstasjonar Karmøy
- AutoPASS Servicestasjonar

Haugesund/Tysvær:

1. Rv. 47 Tittelsnesvegen (Gard)
2. Fv. 924 Skeisvollsvegen
3. E39 Lilland (Sundfør)
4. E134 Hodnafjell
5. E134 Toskartjørn
6. Rv. 47 Karmsundgata (sør)
7. Fv. 831 Spannavegen
8. Fv. 923 Salhusvegen
9. Fv. 938 Skjoldvegen (Eivindvatnet)

Karmøy

10. Rv. 47 Norheim
11. Rv. 47 Bygnes
12. Rv. 47 Veakrossen (sør)
13. Rv. 47 Liknes (Åkra sør)

Det er innkrevjing i begge retningar ved alle bomstasjonane på Karmøy. Det er det også ved bomstasjonane E39 Lilland, E134 Hodnafjell og E134 Toskartjørn. Innkrevjinga i bomstasjonane i og nær Haugesund sentrum skjer på veg ut av byen.

Innkrevjing heile døgnet alle dagar, også sundagar og heilagdagdar.

Innkrevjingsperioden er sett til 15 år.



Haugalandspakken as